# Presentasjon av

# ATS -Luster

# for

# ordførar og rådmann 19.01.24




- Side 1 -

**Luster kommune**| Rådhuset, 6868 Gaupne | **Telefon:** 57 68 55 00 | **Faks:** 57 68 55 01 | **E-post:** postmottak@luster.kommune.no | **Org.nr.:** 964 968 241

# *ATS*

## ***Tilrettelagt arbeid i Luster***

***kommunalt arbeids- og opplæringstilbod for yrkes- og utviklingshemma.***

# ATS Luster – fakta: Tilrettelagt arbeid

- Kommunal eining
- Tilbod for yrkeshemma og utviklingshemma
- Lokalisert Gaupnegrandane
- Ca. 50-60 medarbeidarar totalt inkl. personalgruppa
- Personalgruppa: ca 8 faste stillingar + prosjektmedarbeidarar, engasjement,  ekstrahjelp, etc, tilsaman 11 personar
- Nettobudsjett ca. 4,25mill kommunalt bidrag
- Inntekter ca. 3 mill




- Side 3 -
**Luster kommune**| Rådhuset, 6868 Gaupne | **Telefon:** 57 68 55 00 | **Faks:** 57 68 55 01 | **E-post:** postmottak@luster.kommune.no | **Org.nr.:** 964 968 241

# Medarbeidarar på ATS hausten 2018







- Side 4 -

**Luster kommune**| Rådhuset, 6868 Gaupne | **Telefon:** 57 68 55 00 | **Faks:** 57 68 55 01 | **E-post:** postmottak@luster.kommune.no | **Org.nr.:** 964 968 241

# ATS - overordna mål:

– ***Gje ulike grupper yrkeshemma i Luster eit best mogeleg tilpassa arbeids- og opplæringstilbod***



# ATS - Oppgåver og tenester – «mangesysleri»

- Vaskeri, utleige av dukar og sengetøy, rulling, stryking , reparasjon av arbeidstøy m.m.,
- Vedproduksjon, inkludert transport ut til kundar
- Produksjon av brødvarer og kaker, kantinedrift, catering
- Grøntarbeid/hagestell
- Gravstell
- Snekkeravdeling, mobile minibygg mm
- Hjelpemiddel-teneste, lager, transport og førefallande
- Vaktmeistertenester, intern service og reparasjon
- Transport: Matrute, intern persontransport + div. eigentransport og transport for kundar, flyttehjelp
- Utleige av elsyklar
- Postruter
- Frukt på jobben
- Filmprosjekt, presentasjon på dig. plattformer, biletbøker mm
- Telefon- og kundemottak
- Div. «mindre» oppgåver
  - Makulering, riving og pakking av bomullstøy, pakking av strøsand, div. pakking, eige plantearbeid,
- Utplassering i andre verksemder, - oppfølging av etablerte avtalar




- Side 6 -

# Brukargruppa

- ***Faste plassar:*** Uførestønad, restarbeidsevne, har behov for tilrettelagt arbeid
- ***Mellombelse plassar:*** Arbeidstrening, språkpraksis, utprøving, kartlegging, «restart», - søkt inn frå NAV, Vidaregåande skule, rusomsorg, psykiatri, lege, psykolog, nabokommunar, Sogneprodukter, Fretex, etc.etc
    - ***«Kategoriar»:*** Utfordringar i høve til arbeid, yrkeshemma, funksjonshemma, div. syndrom, skade, rus, psykiatri, utviklingshemma,

***Felles for alle: Har ei viss restarbeidsevne OG ønskjer/treng meiningsfullt å gjera..ATS = TILBOD***



**Luster kommune**| Rådhuset, 6868 Gaupne | **Telefon:** 57 68 55 00 | **Faks:** 57 68 55 01 | **E-post:** postmottak@luster.kommune.no | **Org.nr.:** 964 968 241

# Leiargruppe og medarbeidarar





















# Behov knytta til jobb/"dagaktivitet"

- Meiningsfulle oppgåver, - ei meining med å vera saman ut over fokus på eventuelle funksjons-nedsettingar
- Trivsel
- Aktivitet, opplevingar og utfordringar
- Sosial trening og nettverksbygging
- Kjensle av å lukkast, behov for anerkjennelse og respekt
- Knytta kameratskap/vennskap
- Arbeidstrening og læring av framferd på arbeidsplass
- Økonomi, motivasjonsløn
- Struktur
- Det daglege puslespelet:
  - Vekeplan "rein"
  - Vekeplan skriven på




- Side 9 -

**Luster kommune**| Rådhuset, 6868 Gaupne | **Telefon:** 57 68 55 00 | **Faks:** 57 68 55 01 | **E-post:** postmottak@luster.kommune.no | **Org.nr.:** 964 968 241

Luster kommune

# Nokre ”ledestjerner”:

- Alle yrkeshemma kan bidra om arbeidet vert tilrettelagt
- Lokal fokus,- godt integrert i lokalsamfunnet
- Open og utadretta verksemd
- Individuelt, men…
- Kreativitet
- Personalgruppa
  - Stabilitet
  - Interesser
  - Kompetanse & kunnskap
  - Bevisst på sine roller
- Tidsperspektivet for utvikling
- Pengar er ikkje alt, men ………..
- Om oppgåvene: Meiningsfulle, enkle, gjentakande,



# Det daglege puslespelet












**Luster kommune**| Rådhuset, 6868 Gaupne | **Telefon:** 57 68 55 00 | **Faks:** 57 68 55 01 | **E-post:** postmottak@luster.kommune.no | **Org.nr.:** 964 968 241

# Kva med framtida?



- ❑ ***Stor innsøking***
  - ➢ Behov for auka kapasitet, betra lokalitetar mm.
- ❑ ***Utviklings-trend***
  - ➢ Auka tal yngre personar med meir omfattande behov
- ❑ ***Større forventningar*** hjå brukargrupper og omgjevnadane
  - ➢ Halda fram utviklinga av nye, interessante og ev. meir krevjande oppgåver



**Luster kommune**| Rådhuset, 6868 Gaupne | **Telefon:** 57 68 55 00 | **Faks:** 57 68 55 01 | **E-post:** postmottak@luster.kommune.no | **Org.nr.:** 964 968 241

# 2024

- Vidare arbeid med allereie etablerte oppgåver: Ved, kjøkken, vaskeri, transport, grøntarbeid, div. filmprosjekt og scanning, minibygg mm.
- Halda fram utviklingsarbeidet, finna nye jobbar innafor eksisterande ev. nye hovud-oppgåver

- **Div. aktuelle prosjekt:**
  - ***«ATS 2024» – nybygg og opprusting***
  - ***Hjelpemiddel- justera***
  - ***Kle & sko mm***
  - ***Vedmaskin- lydisolering mm***
  - ***«Kulturen i Naturen» – filmprosjekt – sluttførast 2024***
  - ***Elsykkel- vidareføra***
  - ***Carport- byggutvikling***



# «ATS 2024»

***ATS 2024 – betre forhold for inntil ca 50. personar inkl personalgruppa***

*Retta opp det ein opplever som utfordrande i dag, og leggja til rette for vidare utvikling*

***Kantine…*** HMT- dagens kantine er for lita, gjev ikkje rom for den kvalitet og dei standardar som tal medarbeidarar og individuelle behov tilseier.. ønskjer større areal som gjev meir plass for dei som av ulike grunnar treng meir rom rundt seg, - rullestol, rørslehemma, sensitive for lyd/nærheit/mm - betre serveringsareal mm.

***Garderobar..*** HMT - dagens  ordning er eit lite rom - 2,3x2,8m- stappfullt av skåp + garderobeskåp på gangen.

***Gruppe- og møterom***…har eit møterom i dag, burde hatt min 2 slike rom til, gjerne eit større (10-12 personar) og eit lite (4-5 personar) inkl nødvendig utstyr

***Vaskeri og arbeidsrom***…meir areal.

***Minibutikk***… i hovudsak for eigne varer og tenester,

***Treningsrom***… individuelle treningsmogelegheiter, eit «bedriftstilbod ATS»… matter og div apparat/benker… mm….. ikkje i konkurranse med treningssenteret, men i tillegg til…

«Brikka 2»… eit aktivitets- og arbeidstilbod som er tilpassa personar med større funksjonsnedsetting…erstattar dagens Brikka..

Div vedlikehald etc.. Ventilasjon i hovudbygget, installert ca 1995..



# Nokre av våre viktigaste samarbeidspartnarar

- Rådmannen og stabseiningane
- Servicetorget
- Helse (fysio, ergo, legane, psyk helseteam, rustenesta…)
- Heimetenester
- Pårørande
- PPT
- NAV
- Andre verksemder for yrkes- og utviklingshemma
- Lokalt næringsliv
- Habiliteringstenesta i fylket
- Vidaregåande skular
- M.m.fl.



**Luster kommune**| Rådhuset, 6868 Gaupne | **Telefon:** 57 68 55 00 | **Faks:** 57 68 55 01 | **E-post:** postmottak@luster.kommune.no | **Org.nr.:** 964 968 241

# Marknadsføring






# GRAVSTELL



- *ATS*
- ***Gravstell pakke 1:***
- Start om våren:
- Rydda og ta bort  gammal jord.
- Leggja i ny jord og planta.
- Døme på blomster som vert nytta er: (jmf. bilete)
- Sommarblomster vert planta når fare for nattefrost  er over.
- Luking og vatning ved behov, resten av sommaren.
- Haust: rydda bort sommarblomster, plantar ein lyng.
- ____________________________
- 1-30 mai  plantar ein stemor
- 20 mai- 5 juni sommar- og kantblomster.
- Ca 1 sept  planta ein lyng
- ____________________________
- Pris kr 1350,-  (2016)
- Det kan gjerast avtale om at ein vil planta sjølv, og at ATS gjer luking og vatning: Pris kr 1000,- pr sesong.
- Det er høve til å få utført andre tenester etter ønskje, som td. til jul, påske, fødselsdagar… det kan vera plassering av liljer, krans, lys eller liknande.
- *ATS* 21.04.16



**Luster kommune**| Rådhuset, 6868 Gaupne | **Telefon:** 57 68 55 00 | **Faks:** 57 68 55 01 | **E-post:** postmottak@luster.kommune.no | **Org.nr.:** 964 968 241

Luster kommune

Kontakt oss | Om Luster | Kart | Administrasjon | Ledige stillingar | For tilsette | Tenester

FRAMSIDA / HELSE, SOSIAL OG OMSORG / ARBEIDS- OG AKTIVITETSTILBOD / ATS

Helse, sosial og omsorg

- Helse
- Legetenesta
- Omsorgstenester
- Økonomisk hjelp
- Butilbod
- Arbeids- og aktivitetstilbod
  - ATS
    - Varer og tenester
    - Prisliste
    - Kontakt
  - Seniortreff / dagtilbod
  - Huset
  - Inn på tunet
  - Frisklivssentralen
  - Betre balanse
- Individuell plan
- Transporttenester



Bilde galleri







Fleire filmar

ATS
EIN GOD DAG PÅ JOBBEN

Føl ATS på Facebook

ATS (Arbeids- og treningssenteretet) eit opplæring- og arbeidstilbod for medarbeidarar med ulike behov for tilrettelagt arbeid. Tilbodet er behovsprøvd. Søkarar kan få eit tilbod under føresetnad av at det er ledig plass og at det finst høvande oppgåver å tilby.

**Sentralbord: 57 68 57 35**
**Kjøkken: 57 68 57 37**

**Adresse:**
Gaupnegrandane 15,
6868 Gaupne

**Leiar:**
Odd Atle Stegegjerdet,
tlf. 57 68 57 34


- Side 18 -

# Info om ATS, frå heimesida

- **Arbeids- og opplæringstilbod ATS**

  Ved Arbeids- og treningssenteret ATS har kommunen sitt arbeids- og opplæringstilbod til ulike kategoriar yrkeshemma menneske.
  Her vert det lagt stor vekt på trivsel, meiningsfulle oppgåver tilpassa den einskilde, og kontakt med lokalsamfunnet gjennom dei varer og tenester som vert produserte.

- **Vilkår**

  Tilbodet er behovsprøvd. Søkarar kan få eit tilbod under føresetnad av at det er plass ledig, og at det finst høvande oppgåver å tilby. Senteret har i dag ca 30 arbeidstakarar på fast plass, og eit varierande tal yrkeshemma på ulike mellombelse avtalar.

- Senteret jobbar tverrfagleg og på tvers av avdelingsgrenser. Tilbodet er under utvikling og justering for å kunna gje eksisterande og nye arbeidstakarar eit best mogeleg tilpassa og variert tilbod innafor tilgjengelege ressursar.




- Side 19 -

# Internettside ATS

- http://www.luster.kommune.no/ats.391621.nn.html
- Medarbeidaromtaler: http://luster.custompublish.com/ats-medarbeideromtalar.4877498-177108.html
- http://luster.custompublish.com/wittgenstein-og-eg-det-stille-alvoret-ny-side.5949557-394420.html

- ***Facebook: ATS***
- https://www.facebook.com/groups/402158843174832/





**Luster kommune**| Rådhuset, 6868 Gaupne | **Telefon:** 57 68 55 00 | **Faks:** 57 68 55 01 | **E-post:** postmottak@luster.kommune.no | **Org.nr.:** 964 968 241

- ATS, - The movie

http://luster.custompublish.com/ats-informasjon.4832892-169687.html

- Wittgenstein og eg, Filmtrailer v. Jon Haukeland

https://vimeo.com/50214575, passord mop

- Ny film 2017





**Luster kommune**| Rådhuset, 6868 Gaupne | **Telefon:** 57 68 55 00 | **Faks:** 57 68 55 01 | **E-post:** postmottak@luster.kommune.no | **Org.nr.:** 964 968 241


Tillit og respekt!
Sjå folk slik dei er - og akseptera
Framsnakka kvarandre
God rolleforståing
Takhøgde
Folkeskikk


Bli sett og møtt kvar dag!
God kommunikasjon verbal / non-verbal
Sei god morgon til kvarandre
Lytta med heile seg


ATS
EIN GOD DAG PÅ JOBBEN


Gode arbeidsleiarar!
Tydelege
Vera til stades
Ros og oppmuntring
Informasjon til kollegane
Tilbakemelding på tvers av avdelingane
Ansvar: felles oppgåver – eitt team



- ***Julemiddag på Pyramiden***



**Luster kommune**| Rådhuset, 6868 Gaupne | **Telefon:** 57 68 55 00 | **Faks:** 57 68 55 01 | **E-post:** postmottak@luster.kommune.no | **Org.nr.:** 964 968 241

# Før og utør før og no

*Det er med orda som med oss menneske. Dei skiftar meining, aldrast og går ut av bruk etter kvart. Stundom blir dei fornya og.*

Du skal ikkje meir enn 100 år attende før mange av oss var abnorme. Nokre var på asyl. Dei var sinnssjuke. Andre var uartige. Nokre av dei kom på anstalt. Tida gjekk, men ikkje alle kunne gå. Dei var uføre. Somme var vanføre. Dei fleste av oss var både friske og føre. Men det var før.

På folkemunne er det støtt nokre som har vore galne. Men det er gale. Det er slik med orda i språket, som med motar og evige sanningar, dei endrar innhald. Du skal helst henge med om du skal vere fagleg og politisk korrekt i språkvegen. For det fyrste har du dei uskjønelege orda, dei som ikkje betyr noko, anna enn som symbol for faglege vendingar og ord. Den som veit kva BUP og PPT og IT og SHD betyr, er anten brukar eller personell, som er ord ein kan tenkje seg, den som kan. Ein brukar er ein som bruker noko, og det han eller ho bruker, er sikkert ei teneste. Ein som er personell er sikkert det same som ein tilsett, anten det, no er i førstelinje- eller andrelinjetenesta eller i den tredje sektor, eller kanskje den fjerde nattevakt. Berre spør om du tør.

Så har vi orda som var bra nok i går, men ikkje i dag og neppe i morgon heller. Det er ikkje det minste rart at det er slik, for det er ei tung bør for eit ord å skulle forklare livets vanskelege og sjuke sider gjennom ulike ordningar og holdningar. Det er faktisk ganske abnormt, eit ord vi skjønar vi måtte ta farvel med. Det vart for abnormt. Asyl og anstalt har òg utspelt rolla si, men vi er glade vi framleis har institusjonar. Hugs at det er vesentleg skilnad på eit verna hus og ein verna bustad. I det siste kan det korkje bu klientar eller pasientar, knapt nok psykisk utviklingshemma, men menneske med psykiske utviklingshemmingar. Ingen av dei er uføre, sjølv om det kan vere eit uføre for mange pårørande og andre med så fine språklege skilnader.

Vi kan like det eller la vere. Men eg trur språket må få gå sin gang, for ein stor del styrt av fagfolk, politikarar og byråkratar. Nye politiske grep og byråkratiske nyansar krev nye ord og uttrykk. Veiledende retningslinjer, er eit slikt uttrykk, på linje med ridande ryttar til hest og smør på flesk. Noko som er veiledende er jo ei retningslinje, same kva retning vi snur og vender. Vi treng kanskje veiledende retningslinjer. Heilt sikkert trengst det språklege retningslinjer.

Tekst: Olav Norheim